

Tabellrapportering: Rapportering av styringsparametrar 2014 (vedlegg 2 i oppdragsdokumentet)

Styringsparametrar	Datakjelde	2014	Mål
Talet på produserte DRG-poeng	Regionale helseføretak	289 247	286 945
Refunderte polikliniske inntekter	Regionale helseføretak	684 mill. (Foreløpig tal)	703 mill.

Styringsparametrar	Datakjelde	2012	2013	2014	Mål	Tiltak som er sette i verk for å fylle styringskrav	Vurdering av måloppnåelsen: Er målet nådd? Dersom målet ikkje er nådd, kvifor ikkje?
Gjennomsnittleg ventetid for avvikla pasientar i spesialisthelsetenesta	Norsk pasientregister	74,3	72,4	Ikkje offisielle tal før medio mars 2015	Under 65 dager	<p>HF-a har jobba målretta med tiltak, med utgangspunkt i detaljerte tiltakskrav frå HV RHF. HV RHF gir i 2015 HF-a differensierte krav for ventetidene for PHV (45 dagar), PHBU (40 dagar), TSB (40 dagar) og Somatik (65 dagar).</p> <p>HV RHF arbeider også målretta saman med HF-a i prosjektet «Alle møter» og delprosjektet «Avansert oppgøveplanlegging». Tiltaka i prosjektet er retta mot å auke talet på pasientar som møter til time ved poliklinikkane, og redusere arbeid knytt til replanlegging av timar på poliklinikk. Det er venta at tiltaka vil gi betre høve til planlegging av poliklinikkar, betre service til pasientane og tydelegare leiarskap i sjukehusa.</p> <p>«Vestlandspasienten» er lansert i alle HF: nettportal for pasientane der dei kan ha oversikt over, og handtere, sine timeavtalar. Tilgjengeleg på «Min side» på www.helsenorge.no.</p> <p>HV RHF har utarbeida ei visningsløsning («dashbord») med automatisk uttrekk av data frå datavarehuset, som gjer god oversikt over den enkelte eininga. Visninga bidrar til at ein kan vurdere mulige årsakar til lange ventetider og fristbrot i den enkelte eining.</p>	<p>Helseføretaka i Helse Vest har jobba målretta med å redusere fristbrot og ventetider over lengre tid.</p> <p>Helse Vest sine egne tal viser at den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i desember 2014 var på 63 dagar (57 dagar for prioriterte og 80 dagar for dei utan prioritet). Vidare viser Helse Vest sine tal at det har vore ein nedgang i ventetida for avvikla pasientar i alle helseføretak dei fire siste månadene av 2014, etter at det hadde vore ei auke i august 2014. Samla har også talet på langtidsvventande gått ned gjennom heile 2014, og er no historisk lågt. Sjå til venstre for tiltak satt i verk i regionen.</p> <p>Vidare arbeid med til dømes "Alle møter" og Vestlandspasienten er sentralt for å få ned ventetidene ytterlegare.</p>

Styringsparametrar	Datakjelde	3. tertial 2012	3. tertial 2013	3. tertial 2014	Mål	Tiltak som er sette i verk for å fylle styringskrav	Vurdering av måloppnåelsen: Er målet nådd? Dersom målet ikkje er nådd, kvifor ikkje?
Prosentdel fristbrot for rettighetspasientar	Norsk pasientregister	6,7 %	4,3 %	Ikkje offisielle tal før medio mars 2015	0 %	<p>Helse Vest har utarbeidd eit verktøy som skal hjelpe helseføretaka til å få til ei betre planlegging av aktiviteten, og der igjennom redusere tal fristbrot. Det er sett i verk eit samarbeid med Helse Stavanger i første omgang.</p> <p>Sjå for øvrig over ang. ventetider.</p>	<p>HF-a har arbeidd systematisk med å få ned talet på fristbrot over tid, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome.</p> <p>I Helse Vest er det og fokus på å redusere talet på langtidsvventande. Samla har talet langtidsvventande gått ned gjennom heile perioden frå hausten 2010 og fram til no, og er framleis på eit historisk lågt nivå ved utgangen av desember 2014.</p> <p>Det har vore ein nedgang i delen fristbrot i tre av HF-a også i 2014. 65 % av fristbrota for behandla i desember fann stad ved HF Stavanger, medan HF Førde sin del utgjorde 5,5 %. Etter ein topp i HF Stavanger i august har det vore ein reduksjon i delen fristbrot gjennom hausten.</p> <p>Det er fem fagområder som samla har 62 % av alle ventande med fristbrot. Psykisk helsevern er det fagområdet med flest fristbrot, og utgjør åleine 21 % av alle ventande pasientar med fristbrot i regionen. Dei andre områda er urologi, generell kirurgi, ortopedisk kirurgi og lungesjukdomar. Sjå over ang. tiltak.</p> <p>Helse Vest sine egne tal viser for desember måned 2014 at fristbrot for behandla pasientar var på 2 %.</p>

Styringsparametrar	Datakjelde	1. tertial 2013	2. tertial 2013	1. tertial 2014	2. tertial 2014	Mål	Tiltak som er sette i verk for å fylle styringskrav	Vurdering av måloppnåelsen: Er målet nådd? Dersom målet ikkje er nådd, kvifor ikkje?
Prosentdel pasientar 18–80 år innlagde med blodpropp i hjernen og som har fått behandling med trombolys	Norsk pasientregister	16,9 %	16,5 %	18,6 %	20,9 %	20 %	I 2014 er det gjennomført ein informasjons- kampanje heile regionen med mål om å betre kunnskap hos befolkninga om symptom ved hjerneslag og om at det er viktig å kome raskt til sjukehus. Informasjons-kampanjen har vore ein del av pasienttryggleiksprogrammet i Helse Vest. Kampanjen har vore synleg på fleire ulike flater (nettstader, sosiale medium, aviser og andre medium, annonsar, plakatar, brosjyrar o.a.), og det har vore lagt vekt på ei tankevekkjande framstilling av bodskapet. Kampanjen vil bli gjenteken i 2015. Den regionale planen for behandling og rehabilitering av hjerneslag i Helse Vest, legg vekt på tidleg diagnose og rask intervensjon, i ein samanhengande behandlingsskjede. Dette inkluderer også prehospitala tiltak. Alle HF legg den regionale planen til grunn for arbeidet. Det blir arbeidd med mange tiltak i program for pasient- tryggleik og den nasjonale pasienttryggleiks- kampanjen. Tiltakspakkane blir følgd opp i HF-a.	Helse Vest har som den einaste helseregionen samla sett nådd målsettinga per 2.tertial 2014. Det har også vore ei auke samanlikna med 2013. Dei to store helseføretaka er blant dei beste i landet, og Helse Førde er nært opptil målsettinga. Helse Fonna har noko lågare prosentdel enn dei andre, med eit lite tal pasientar gir store utslag i prosentdel. Det vil bli arbeidd vidare med mange tiltak for å sikre gode resultat. Sjå til venstre under tiltak.
Prosentdel pasientar med tjukkarmkreft som får behandling innan 20 vrykedagar	Norsk pasientregister	51,3 %	58,9 %	64,4 %	69,7 %	80 %	Helse Vest RHF har tidlegare utarbeida eit detaljert notat med tiltak for å redusere ventetider, få vekk fristbrot og tiltak for å nå målet om 20-dagers regelen. Det blei i notatet gitt klare føringar om korleis utgreiingsforløpa skulle forberast. Helseføretaka har lagt notatet til grunn for arbeidet, og det blir arbeidd med mange ulike tiltak. Sjå under kap. 2.1. Det er utarbeida eit regionalt system for automatisk uttrekk av data, som gjer det enklare for RHF og helseføretaka å følgje med på status. Helseføretaka er godt i gang med arbeidet med pakkeforløp. Forløpskoordinatorar er i hovudsak oppretta for dei fire første forløpa. Sjå rapportering i kap. 3.3.	Det har vore ei gradvis betring av delen pasientar som har starta behandlinga innan 20 dagar for denne pasientgruppa. Sjå rapportering under kap. 2.1. Pakkeforløp for kreftpasientane vil gjere det enklare å følgje opp pasientane, gi raskare behandling og betre registreringsrutinar.
Prosentdel pasientar med lungekreft som får behandling innan 20 vrykedagar	Norsk pasientregister	49,2 %	51,3 %	42,6 %	48,1 %	80 %	Sjå over	Det har i snitt ikkje vore ei betring for denne pasientgruppa når det gjeld ventetid innåfor 20- dagers regelen. Det er viktig å merke at tala på pasientar er små ved fleire helseføretak. Små endringar gjev dermed store prosentvise forskjellar. Sjå over og til venstre for tiltak.
Prosentdel pasientar med brystkreft som får behandling innan 20 vrykedagar	Norsk pasientregister	60,6 %	49,2 %	51,4 %	43,8 %	80 %	Sjå over	Tala viser ei negativ utvikling for denne pasientgruppa. Fleire av helseføretaka er i ferd med å undersøke om registreringa har vore rett, da et er grunn til å tvile på dette. Det er viktig å merke at tala på pasientar er små ved fleire helseføretak. Små endringar gjev dermed store prosentvise forskjellar. Sjå over og til venstre for tiltak.

Styringsparametrar	Datakjelde	2012	2013	Tiltak som er sette i verk for å forbedra resultat
Prosentdel årsverk i psykisk helsevern for vaksne fordelt på høvesvis DPS og sjukehus	Helsedirektoratet (SSB)	DPS: 41,3 % SH: 58,7 %	DPS: 49,5 % SH: 50,5 %	Det har vore jobba systematisk i helseføretaka over tid for å oppnå dette målet. Ved årsskifte 2013/2014 var fordelinga i Helse Vest omtrent lik mellom DPS og sjukehus. Det ligg ikkje føre offisielle tal ved utgangen av 2014. Sjå rapportering i kap. 2.2.

Styringsparametrar	Datakjelde	mai.14	nov.14	Tiltak som er sette i verk for å forbedra resultat
Sjukehusinfeksjonar	Folkehelseinstituttet	4,6 %	Publiseres 26. februar 2015	Resultata for mai 2014 er lågast i landet. Døme på tiltak som er satt i verk i HF er: undervisning om hygiene, kampanje for handhygiene, sjekklister innan kirurgi, implemnering av lovverk, oppfølging av resultata.

Styringsparametrar	Datakjelde	2011	2012	Mål	Tiltak som er sette i verk for å forbedra resultat
30 dagars totaloverleving	Helsedirektoratet	94,7	95,0		Tiltak som kan ha betydning for betre totaloverleving er m.a. gjennomføring av tiltakspakkane i pasienttryggleiks- kampanjen, fokus på tiltak som kan redusere overdosedødsfall og sjølvord, etablering av diagnostiske senter. På lenger sikt er viktige tiltak satsing på forskning, forbetring av behandlingstilbod og implementering av nye metodar.
(Prosent)delen tvangsinnleggingar (tal per 1000 innbyggjarar i helseregionen)	Norsk pasientregister	4	3	Redusert med 5 % sammenlikna med 2013	Det ligg ikkje føre offisielle tal for 2013 / 2014. Helseføretaka sine egne tal syner at det er lite sannsynleg at målet om 5 % reduksjon blir nådd i 2014. Alle helseføretaka har tiltaksplanar for reduksjon og rett bruk av tvang. Desse er i tråd med den regionale planen. Rapport frå Internrevisjon Helse Vest viser m.a. at det hefter stor usikkerheit til talmateriale når det gjeld tvang og tvangsbruk i Helse Vest . Det blir arbeid med kvalitetssikring av talgrunnlaget. Helse Vest RHF vil sette i gang eit prosjekt i 2015, for å sikre felles rutinar for registrering av tvangsbruk.

Styringsparametrar	Datakjelde	Publisert 2013									
		Pleiepersonalet	Informasjon	Legene	Pårørende	Organisering	Pasientsikkerhet	Standard	Ventetid	Samhandling	Utskrivning
Brukererfaringar for innleggjande pasientar som får behandling i somatiske sjukehus. Gjennomsnittsskårer på indeksene for hver helseregion. Skala 0 - 100, der 100 er best).	Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesta (Nasjonale brukererfaringundersøkinge)	Helse Vest skårar høgt på denne indikatoen, men har ein marginal nedgang i skåren frå 2012 til 2013.	Skårar betre på denne indikatoren i 2013 enn i 2012	Høg skåre på denne indikatoren, som er uendra frå 2012 til 2013.	Skårar noko betre på denne indikatoren i 2013 enn i 2012, og dette er den indikatoren regionen samla sett skårar nest høgast på.	Ein av indikatorene som skårer blant dei lågaste, og som har hatt ein svak nedgang frå 2012 til 2013.	Betring frå 2012 til 2013, og er den indikatoren Helse Vest skårar klart høgast på.	Helse Vest skårar middels på denne indikatoen, men har en marginal nedgang i skåren frå 2012 til 2013.	Uendra skåre frå 2012 til 2013. Er ein av indikatorene regionen skårar høvesvis lågt på.	Skårar noko betre på denne indikatoren i 2013 enn i 2012, men er framleis blant dei tre indikatorene med lågast skåre	Uendra skåre frå 2012 til 2013. Er den indikatoren regionen skårar aller lågast på

Styringsparametrar	Datakjelde	Publisert 2013									
		Pasienterfaringar med døgnopphald innan tverrfaglig spesialisert rusbehandling	Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesta (Nasjonale brukererfaringundersøkinge)	Resultata til Helse Vest skil seg ikkje mykje ut frå dei nasjonale gjennomsnitta i denne undersøkinga, og for ein del av spørsmåla er den nasjonale gjennomsnittsskåren lik for skår i Helse Vest (9 av 29 spørsmål). På nokre spørsmål ligg Helse Vest marginalt under landsgjennomsnittet (11 av 29 spørsmål), medan Helse Vest ligg over gjennomsnittet på andre spørsmål (9 av 29 spørsmål). I dei aller fleste tilfella er differansen til nasjonal gjennomsnittskår berre 0,1. Helse Vest skårar over gjennomsnittet på alle dei fire spørsmåla som omhandlar forbetringar til tida etter utskrivning.							
Fastlegars vurdering av distriktpsykiatriske senter	Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesta (Nasjonale brukererfaringundersøkinge)	Helse Vest sine resultat ligger over landsgjennomsnittet på alle dei sju indikatorene som fastlegane har vurdert DPS-a etter (Bemanning, Kompetanse, Veiledning, Tilvisingar, Epikrisar, Ventetid og Akutte situasjonar)									
Prosentdel reinnleggingar innan 30 dagar av eldre pasientar	Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesta	Helse Vest sine resultat ligg marginalt over landsgjennomsnittet for 2011 og 2012, og sannsynet for reinnlegging av eldre pasientar er tilnærma uendra frå 2011 til 2012									

Styringsparametrar	Datakjelde	2014	Mål	Tiltak som er sette i verk for å fylle styringskrav	Vurdering av måloppnåelsen: Er målet nådd? Dersom målet ikkje er nådd, kvifor ikkje?
Talet på gjennomførte mini-metodevurderingar som er sende til Kunnskapssenteret sin database	Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesta	2		Systemet for mini-metodevurderingar er etablert. Regionalt kompetansemiljø for mini-metodevurderingar i Helse Vest følgjer opp det vidare arbeidet i helseføretaka.	Det er så langt to av helseføretaka som har gjennomført ei mini-metodevurdering. Helse Bergen har i tillegg 6 som er påbegynt.
Talet på vedtak i samarbeid mellom dei regionale helseføretaka om å innføre eller ikkje innføre ein ny metode, jf. nasjonale metodevurderingar i system for innføring av nye metodar i spesialisthelsetenesta	Regionale helseføretak	15		Beslutningsforum hadde oppstart i 2014. Første møte var i mai 2014, og det har vore månadlege møter etter det.	